

Til stades: Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien – nestleiar, Thor Hauknes - nestleiar, Kristian Hanto, Kjellbjørn Karsrud, Silje Solberg, Ole Erik Feragen – 1.vara,

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes – dagleg leiar, Liv Annette Nygjerdet – tilsettes representant

Tid: Fredag 27.september kl. 10-15.30

Stad: Scandic Lillehammer Hotel

Referat

- Styresak 2019/56 Innkalling og sakliste**
- Styresak 2019/57 Orienterings-, drøfting- og referatsaker**
- Styresak 2019/58 IntroFOLK**
- Styresak 2019/59 Drøfte prioriteringar i Norsk musikkråds handlingsplan**
- Styresak 2019/60 Årets lokallag**
- Styresak 2019/61 Årets folkemusikkarrangør**
- Styresak 2019/62 Furepris og Furestipend**
- Styresak 2019/63 Evaluering LK og LF**
- Styresak 2019/64 Kongepokal 2020 og 2021**
- Styresak 2019/65 Deltaking på Folkelarm frå styret**
- Styresak 2019/66 Eventuelt**

Styresak 2019/56 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2019/57 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Driftsrapport per 19.09.19
 - a. Rådgjeving/Opplæring/service
 - b. Vi har rettleia laga i å søkje momskompensasjon, fått inn søknader og sendt inn til Lotteri- og stiftelsestilsynet. Det er framleis for få lag som søker.
 - c. Formidling og arrangement – oppsummering:
 - i. Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk:
 - 1. Både Lk og LF vart gjennomført med stor suksess
 - 2. Informasjonsarbeidet tek stadig meir tid, men ga gode resultat.
 - 3. Nettsider, e-postadresser, sosiale media mm er klargjort for neste års arrangørar.
 - ii. Folkelarm
 - 1. Folkelarm er i rute med artistar og seminar.
 - 2. Det er gjort mykje informasjonsarbeid
 - 3. Det er søkt tilskot frå mange ordningar, og har gode resultat på det.
 - iii. IntroFolk
 - 1. Har byrja arbeidet med IntroFolk 2020, med søknad om tilskot, avtalar med festivalar, oppnemning av juryeleiar.
 - d. Informasjon og opplysning – oppsummering:
 - i. Folkemusikk – magasinet:
 - 1. Folkemusikk nr 3/2019 er sendt ut.
 - 2. Folkemusikk nr 4/2019 skal lanserast i veke 46 under Folkelarm.
 - 3. Har søkt den nye tilskotsordninga for magasin i kulturrådet for åra 2019-2021.
 - 4. Podcast skal lanserast under Folkelarm.
 - 5. Redaktøren skal arrangere seminar under Folkelarm.
 - ii. Anna informasjonsarbeid
 - 1. Informasjonsarbeidet i perioden har i stor grad vore knytt til Lk, LF og Folkelarm.
 - 2. Snapshat-kontoen Folkemusikk Norge, som går på rundgang på ulike folkemusikkarrangement, har vore mykje bruka i sommar.
 - e. Påverknad/samarbeid – oppsummering:
 - i. Vi har vore medarrangør på den første kulturdagen under Arendalsuka. Ei rekke kulturtema vart debattert, immateriell kulturarv vart sett på dagsorden. Sigrid Jore hadde ein lunsjkonsert. Anbjørg Lien og Bjørn Ole Rasch hadde kveldskonsert. Så folkemusikken kom tydeleg fram.
 - ii. Liv Annette er valt som 2 vara i Kulturalliansen og har vore på dagars styremøte i Os i september.
 - f. Særskilde satsingar
 - i. Rekruttering
 - 1. Vi har fått kr 245 000 meir frå Dextra Musica i 2019.

ii. Info /formidling/dokumentasjon

1. Vi har sendt inn fråsegna frå landsmøtet om folkemusikken og NRK. Vi fekk ein invitasjon til møte. Nestleiarane i styret og dagleg leiar møtte konstituert kultureddaktør, og fast kultureddaktør og musikksefen i NRK. Det var eit positivt møte.
2. Vi har byrja å abonnere på ei løysing hos Custom publish som gjer at vi kan lese artikkelar som blir publisert om folkemusikk.
3. Vi har hatt to møte i forprosjektet for 100-årsjubileet, og skal ha møte med kulturministeren 24.september. Vi hadde workshop på landsmøte om markering.
4. Vi har gjort avtale med Nasjonalbiblioteket om at dei kan arkivere lydopptak frå LK. Vi avtalte med lydteknikarane om at han tok opp lyden frå mixebordet.

iii. Folkedans

1. Det er no utarbeida eit notat vi kan nytte for å jobbe for å få ei bachelorutdanning i utøvande folkedans.

iv. Det profesjonelle feltet

1. Arbeidet med portalen folkartist.no held fram,
2. Vi har saman med Norsk Musikkråd, NU, Riksscena og BUL Oslo engasjert professor i opphavsrett Olav Torvund til å gjere ei utgreiing om TONO og folkemusikken.
3. Vi har opplyst om søknadsfristar for tilskot som er aktuelle for yrkesutøvarar.

g. Andre ting:

- a) Har laga påmelding for Vestlandskappleiken og Oslokappleiken, ei utfordring sidan det har vore driftsproblem for Styreweb.
- b) Utvida fristen for Årets lokallag i FolkOrg og Årets folkemusikkarrangør. Laga reklame for dette tilpassa sosiale media.
Oppfølging av den nye prisen "Årets folkemusikkfotografi"
- b) Rekneskapsrapport per 31.07.19
- c) Orientering om å vere med å stå bak eit brev til KUD om Gramos praksis i høve Roma-konvensjonen.
- d) Markere FolkOrg 10 år på Folkelarm? Vi kastar ball om idear.
- e) Orientering om møte med NRK
- f) Vedtektsendringar i SAFFA, respons frå FolkOrg.
- g) Orientering frå møte med Kulturminister Trine Skei Grande.

Vedtak:

Styret tek orienterings- drøfting- og referatsaker til orientering med desse merknadene:

- a) Administrasjonen har mandat til å kjøpe inn hjelp til flyttinga
- b) Ingen merknader
- c) FolkOrg stiller seg bak brevet til Kulturdepartementet om Gramos praksis i høve Roma-konvensjonen.

- d) Vi markerer FolkOrg 10 år under opninga av Folkelarm. Styreleiar held ein kort tale om det. FolkOrg spanderer boblande drikke.
- e) Møtet i NRK var bra. I neste styremøte sett vi av tid til å utarbeide gode idear til programkonsept.
- f) Vi svarer på e-posten frå SAFFA slik:

«Vi takkar for at de har gjort endringar i vedtektene for å tilfredsstille krava i FolkOrg. Vi treng til ei kvar tid å vite kven som sit i styret for områdelaga i FolkOrg. Det er difor viktig at vi får vite kven som er styret i **SAFFA som områdelag i FolkOrg**. Dei må alle vere medlemmar i FolkOrg»

- g) Møtet med Kulturminister Trine Skei Grande om 100-årsjubileet var positivt, og vi tar signala frå ho med i søknaden.

Styresak 2019/58 IntroFolk

Vedtak:

FolkOrg gjennomfører IntroFolk 2020 under føresetnad av at Gramo støttar tiltaket med tilfredsstillande sum.

Styresak 2019/59 Drøfte prioriteringar i Norsk musikkråds handlingsplan

Vedtak:

FolkOrg ønskjer at Norsk musikkråd skal prioritere desse tre punkta i handlingsplanen:

Punkt 2, kulepunkt 2:

- Jobbe for at alle kommuner skal ha kommunedelplan for kultur, på linje med kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.

Punkt 6, kulepunkt 1:

- Synleggjøre og styrke samspillet mellom det frivillige og profesjonelle musikklivet, være en drivkraft og kople initiativ på tvers av medlemsorganisasjoner.

Punkt 6, kulepunkt 3

- Bidra til bærekraftige løysningar som både sikrer opphavspersoner rimelig vederlag og det frivillige musikklivs evne til fortsatt arrangere et mangfold av konserter.

Styresak 2019/60 Årets lokallag - ettersendast

Vedtak:

Dei nominerte er:

Spelemannslaget Fjelljom

Trysil- Knut dans- og spellmannslag

Elverum danselag

Styresak 2019/61 Årets folkemusikkarrangør

Vedtak:

Dei nominerte er:

Heme dine

Osafestivalen

Storefjelltreffen

Styresak 2019/62 Furepris og Furestipend

Vedtak:

- 1. FolkOrg søker Furestiftinga om framleis å få Furepris på Landskappleiken dei neste fem åra.*
- 2. FolkOrg søker om framleis å få Furestipend til c-klassane i spel på Landskappleiken.*
- 3. FolkOrg søker om framleis å få Furestipend til juniorklassane i solospel på Landsfestivalen i gammaldansmusikk.*
- 4. Viss vi får positivt svar på søknaden, vil styret gå gjennom retningsliner og praksis for ordninga*

Styresak 2019/63 Evaluering LK og LF

Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2019 vart drøfta, og innspela blir tekne med i det vidare arbeidet med arrangementet. Vi må sjå på praktisering av habilitet hos dommarane i pardansklassa på Landsfestivalen i gammaldansmusikk.

Styresak 2019/64 Kongepokal 2020 og 2021

Vedtak:

- 1. Styret i FolkOrg søker om å setje opp kongepokal i tevlingsgreina durspel på Landskappleiken i 2020.*

2. Styret i FolkOrg søker om å setje opp kongepokal i tevlingsgreina spel fele på Landskappleiken i 2021.

Styresak 2019/65 Deltaking på Folkelarm frå styret

Vedtak:

- *Hilde Reitan*
- *Thor Hauknes*
- *Silje Solberg*
- *Thomas Nilssen*

Styresak 2019/66 Eventuelt